# Oppfølgingsliste 1/2014

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

| Sak-nr | Saker som er tekne opp | Dato | Oppfølging KU | Status |
|---|---|---|---|---|
| 1/11 | Forvaltningsrevisjon 2011 – Byggeprosjekt i Sogn og Fjordane fylkeskommune – handsaming av rapport | 8.2.11 | Innan utgangen av 2012<br><br>Ny oppfølging H-2013 | 8.2.2011: Sendt til FT<br>6.4.2011:Oppfølging av administrasjonen iflg. FT-vedtak innan 31.12.2011med rapport til KU.<br><br>12.2: Samtale med Jan Øhlckers<br>Etter det som kom fram i møtet med Øhlckers vil det først kome noko status frå dette prosjektet H-13. Følgjast opp vidare. |
| 4/13 | FR – Næringsretta tiltak – oppfølging etter brev motteke 201212 | 22.1 | Januar 2014 | 22.1: KU tok rapporten frå FRM til vitande. Utvalet vedtok vidare å be FRM orientere utvalet om resultata av oppfølginga primo 2014 |
| 5/13 | Vikarordning ved fråvær i sekretariatet | 22.1 | Mai 2013<br><br>H-13<br>V-14 | 22.1: KU vedtok intensjonsavtalen om utveksling av tenester med KU-sekretariatet i M&R fk gjeldande korttidsfråvær. Utvalet ba kontrollsjefen legge fram ei sak som gjeld vikarordning ved langtidsfråvær.<br><br>Denne saka vil bli lagt fram for utvalet H-13<br>Sak vert lagt fram januar 2014 |
| Nn/13 | Oppfølging HPN vedr. oppfølging av rett bruk av midlar tildelt frå kommunalt næringsfond | | Mai 2013<br><br>September 2013 | Orientering om dette punktet vart gitt i KU-sak 29/13, der konklusjonen var at saka sannsynlegvis kjem opp i HPN 24.9.13.<br><br>26.11: Skriv og medling pkt. 4. Teke til vitande<br>**AVSLUTTA** |
| 10/13 | FR 2010 – Individuelt tilpassa opplæring - oppfølging | 15.3 | 31.12.2013 | 15:3 Oppfølgingssaka vart teken til vitande. To punkt står att, og KU har bedt FRM om ny rapport når dei to siste tiltaka er utført.<br>26.11: KU tek rapport og orientering til vitande.<br>**AVSLUTTA** |
| 14/13 | Selskapskontroll 2012 – Eigarskapskontroll Lutelandet utvikling AS-rapport | 2.4 | Oppfølging av FT-vedtak 1.1.2014 | 2.4<br>Handsaminga i KU enda med ei tilråding til FT i 4 punkt. FT handsama saka 16.4.2013 i FT-sak 2/13, og vedtok:<br>1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført eigarskapskontroll av Lutelandet utvikling til vitande<br>2. Fylkestinget vil som eigar oppmode selskapet om å gjennomføre tilrådingane frå revisor i kapittel 8 i rapporten.<br>3. Fylkestinget ber selskap og fylkeskommunen sin eigarrepresentant om å orientere kontrollutvalet i fylkeskommunen når arbeidet med oppfølginga er gjennomført, seinast innan utgangen av 2013. |
| 15/13 | FR – bygge og eigedomstenesta – oppfølging av FT-sak 23/08 | 2.4 | Utgangen av 2014 | Kontrollutvalet ber i vedtaket om ny rapport etter vurdering av omorganiseringa av vaktmeistertenesta innan utgangen av 2014. |
| 16/13 | Fr 2009 – Kompetanseprofil i fylkeskommunen – oppf. Av rapport 8.3.13 | 2.4 | 31.1.2014 | KU vedtok å be om ny rapport innan 31.1.2014. Denne saka dekker sak 9/11, og den kan avsluttast. |
| 23/13 | Forvaltningsrevisjon Energi og Miljø – oppfølging av | 28.5 | Ny oppfølging innan utgangen | KU tok rapporten frå fylkesrådmannen til etterretning. Utvalet ba om ny rapport når |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | rapport | | av 2013 | resterande oppfølgingspunkt er opføgde, seinast innan utgangen av 2013. |
| 31/13 | Eigarskapskontroll F1 Holding/Fjord1 | 27.8 | 10.11.2013 | Kontrollutvalet vedtok prosjektplanen slik den var lagt fram. Rapport skal vere ferdigstilt seinast 10.11.13<br>**AVSLUTTA** |
| 32/13 | Kontrollutvalet – Budsjett 2014/Økonomiplan 2014 - 2017 | 27.8 | H-13 | Kontrollutvalet vedtok budsjett og økonomiplan som lagt fram. Sekretariatet vart bedt om å få inn tekst i budsjettboka om at kontrollutvalet kan få behov for ekstra midler ved eventuelle kontrolltiltak utover det dei tiltak det er budsjettert for.<br>**AVSLUTTA** |
| 34/13 | Forvaltningsrevisjon Fagopplæring, rekruttering til yrkesfag og tilbodet til lærlingar – handsaming av rapport | 27.8 | H-13<br><br><br><br><br>H-14 | Kontrollsjefen kom med endringsframlegg til pkt. 3 i vedtaket. KU vedtok tilrådinga med endringsframlegget. Rapporten vart sendt til fylkestingshandsaming i oktober<br><br>15.10.13<br>Fylkestinget vedtok kontrollutvalet si tilråding, og tok dermed rapporten til etterretning. Samtidig vart fylkesrådmannen bedt om å gjennomføre tiltak som er kravd for at tilrådingane 1-8 og 10 og 11 vert gjennomførde og meldt tilbake til kontrollutvalet innan 1.10.14 |
| 37/13 | Forvaltningsrevisjon Innkjøp – handsaming av rapport | 24/9 | H-13<br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br>Juni 2014 | 24:9 : KU vedtok følgjande:<br>1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av innkjøp til vitande.<br><br>2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomføre tilrådingane i kapittel 5 i rapporten, og rapportere status og eventuell vidare framdrift til kontrollutvalet innan utgangen av mai 2014.<br><br>15.10.13<br>Fylkestinget vedtok kontrollutvalet si tilråding. |
| 38/13 | Framtidig opplegg for årleg sak om desisjon av møtebøkene for FU og HU. | 24/9 | V-14 | 24:9 KU vedtok i møtet:<br>1. Kontrollutvalet gjev kontrollsjefen i oppdrag å gjennomføre framtidige stikkprøvekontrollar av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala med nødvendig innleigd kompetanse der kontrollsjefen vurderer det som nødvendig.<br>2. Kontrollsjefen legg fram årleg sak til kontrollutvalet i desisjonssaka.<br>**AVSLUTTA** |
| 39/13 | Forvaltningsrevisjon – Samhandling - bestilling | 24/9 | V-14 | 24.9: KU vedtok i møtet:<br>1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon «Samhandling» etter vurdering av formål og problemstillingar i vedlagte utkast til bestilling<br>**AVSLUTTA** |
| 42/13 | Skriv, meldingar og orienteringar | 24/9 | | 24/9: Protokoll i saka:<br>3. Orientering frå utvalsleiar og kontrollsjef |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | V-2014<br><br><br><br><br><br><br>H-2013<br><br><br><br><br><br><br>H-2013<br><br><br>V-2014 | *Kontrollsjef orienterte om status for arbeidet med rullering av plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll. Planane vert lagt fram til handsaming i løpet av våren 2014.*<br>**AVSLUTTA**<br>4. Det kom opp spørsmål om kontrollutvalet skal sjå på problematikken som var referert i leiar i Firda 18.9.2013 ang. husleige for kunstmuseet. Utvalet ba kontrollsjefen om å gjere undersøkingar og kome tilbake til utvalet med orientering.<br>**AVSLUTTA**<br>5. Det kom framlegg om at utvalet i neste møte ser på status for arbeidet ved halvgått periode.<br>**AVSLUTTA**<br>6. Kontrollutvalet ber om at tertialrapporten i framtida vert lagt fram for utvalet. |
| 43/13 | Revisorbrev 01/2013 | 24/9 | 8.11.2013 | 24/9: KU vedtok i møtet:<br>1. Kontrollutvalet tek revisorbrev 01/2013 til etterretning.<br>2. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om å sette i gang tiltak som er kravd for å følgje opp tilrådingar og oppmodingar i revisorbrev 01/2013, og melde tilbake til SF revisjon IKS med kopi til kontrollutvalet status på arbeidet innan 8.11.2013.<br>**AVSLUTTA** |
| 44/13 | Forvaltningsrevisjon 2010 – individuelt tilpassa opplæring – rapport frå oppfølging datert 10.11.2013 | 26/11 | | Kontrollutvalet vedtok:<br>1. Kontrollutvalet tek rapporten frå fylkesrådmannen datert 10.11.2013 til vitande.<br>2. Kontrollutvalet registrerar at dei fleste av forslaga til tiltak i rapporten frå revisor er oppfølgde. Det manglar ennå ferdigstilling på to tiltak, men kontrollutvalet registrerer at det ligg ein konkret plan for å få desse punkta ferdigstilt.<br>3. Kontrollutvalet ser på oppfølginga av forvaltningsrevisjonsprosjektet som avslutta.<br>**AVSLUTTA** |
| 45/13 | Eigarskapskontroll F1 Holding AS/Fjord1 AS | 26/11 | | Kontrollutvalet rår fylkestinget til:<br>1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført eigarskapkontroll av F1 Holding AS/Fjord1 AS til etterretning<br>2. Fylkestinget ber F1 Holding AS gjennomføre tiltak for å etterkome tilrådingane som gjeld F1 Holding AS i rapporen frå SF revisjon IKS, og melde tilbake til kontrollutvalet når oppfølginga er utført.<br>3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomføre tiltak for å etterkome |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | tilrådingane som gjeld Sogn og Fjordane fylkeskommune i rapporen frå SF revisjon IKS, og melde tilbake til kontrollutvalet når oppfølginga er utført. |
| 46/13 | Rullering av planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll 2012 - 2016 | 26/11 | | Kontrollutvalet vedtok:<br>1. Kontrollutvalet bestiller rullering av planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll 2012 – 2016 av Deloitte AS.<br>**AVSLUTTA** |
| 47/13 | Forvaltningsrevisjon Samhandling - prosjektplan | 26/11 | Januar 2014 | Kontrollutvalet vedtok å utsette saka. |
| 48/13 | Revisorbrev 2013 – svar frå fylkesrådmannen | 26/11 | | Kontrollutvalet vedtok:<br>1. Kontrollutvalet tek svarbrevet frå fylkesrådmannen til revisorbrev 01/2013 til etterretning.<br>2. Vidare oppfølging av revisorbrev 01/2013 vert gjort i samband med revisjon av årsrekneskapen 2013.<br>3. Kontrollutvalet ser på oppfølginga av revisorbrev 01/2013 som avslutta.<br>**AVSLUTTA** |
| 49/13 | Møte- og aktivitetsplan kontrollutvalet 2014 | 26/11 | | Kontrollutvalet vedtok møteplan 2014 der utvalet legg opp til 8 møte i løpet av året, same tal møte som i 2013.<br>**AVSLUTTA** |
| 50/13 | Vurdering av oppdragsansvarleg revisor sin uavhengigheit 2013 – SF revisjon IKS | 26/11 | | Vurderinga vart teken til etterretning<br>**AVSLUTTA** |
| 51/13 | Vurdering av oppdragsansvarleg revisor sin uavhengigheit 2013 – Deloitte AS | 26/11 | | Vurderinga vart teken til etterretning<br>**AVSLUTTA** |
| 52/13 | Oppfølgingsliste 8/2013 | 26/11 | | Oppfølgingslista vart teken til vitande<br>**AVSLUTTA** |
| 53/13 | Skriv, meldingar og orienteringar 26.11.2013 | 26/11 | V-14 | 26/11 Protokoll i saka:<br>1. Orientering om status internkontroll v/Assisterande fylkesrådmannen<br>*Denne orienteringa vart utsett til neste møte i kontrollutvalet som er 30. januar 2014*<br>**AVSLUTTA**<br>2. Revisjonsuttale om kompensasjonsoppgåve for meirverdiavgift 4. termin 2013 frå Sogn og Fjordane fylkeskommune datert 11.10.2013<br>*SF revisjon og økonomisjef orienterte om innhaldet i revisjonsuttalen. Uttalen og orienteringa vart tekne til vitande. Kontrollutvalet ba kontrollsjefen om å gjere vidare undersøkingar i saka og kome tilbake til kontrollutvalet med orientering.*<br>3. Orientering om «husleigeproblematikk» kunstmuseet<br>*Kontrollsjef orienterte om notatet som* |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | *var vedlagt. Notatet og orienteringa vart teken til vitande.*<br>**AVSLUTTA**<br>4. Orientering om vedtak i Hovudutval for plan og næring vedr. bruk av midlar tildelt til kommunale næringsfond<br>*Notat vedlagt saka. Assisterande Fylkesdirektør, næringsavdelinga orienterte om handsaminga saka hadde fått i hovudutval for plan og næring. Notat og orientering vart tekne til vitande.*<br>**AVSLUTTA**<br>5. Orientering om Plan for finansiell revisjon v/SF revisjon IKS<br>*SF revisjon IKS orienterte om planen for finansiell revisjon. Orienteringa vart teken til vitande.*<br>**AVSLUTTA**<br>6. Gjennomført kvalitetskontroll SF revisjon IKS<br>*Kvalitetskontrollen vart teken til orientering*<br>**AVSLUTTA**<br>7. Status forvaltningsrevisjon v/Deloitte<br>a. Tryggleik og beredskap<br>*Deloitte orienterte om framdrift i prosjektet. Er i rute til å bli ferdig som planlagt innan utgangen av februar 2014.*<br>**AVSLUTTA**<br>8. Status oppfølging av forvaltningsrevisjon<br>*Status vart teken til orientering.*<br>**AVSLUTTA** |
| | | | V-2014 | 9. Mandat for offentleg utgreiing om ny kommunelov<br>*Mandatet vart teke til orientering. Utvalet ba kontrollsjefen om å invitere leiar i kommunelovutvalet til eit møte i kontrollutvalet 2014 for å informere om arbeidet og for å få innspel frå eit kontrollutval til det vidare arbeidet.*<br><br>10. NKRFs kontrollutvalskonferanse 5. – 6. februar 2014<br>*Kontrollsjef fekk i oppdrag å melde på medlemmane til konferansen.*<br>**AVSLUTTA** |
| | | | V-2014 | 11. Status kontrollutvalet «Halvgått periode» - eigenevaluering<br>*Det vart gjennomført evaluering. Kontrollsjef fekk i oppdrag å samanfatte evalueringa frå medlemmane.*<br><br>12. Orientering frå utvalsleiar og kontrollsjef<br>*Kontrollsjef orienterte om arbeidet* |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | *med studiesamling i Bergen mai 2014. Det vart gitt innspel til programmet frå medlemmane, som vert teke med i det vidare arbeidet med planlegginga av samlinga.* **AVSLUTTA** |
| | | | | |
| | | | | |

Oppdatert 20.1.2014